

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Torsdag 4.10.2018  
**Stad:** Golsfjellet, Kamben Høyfjellshotell

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune (delvis sak 44/18)

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar  
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Iselin Haugo, fylkeskontakt  
Gerd-Mette Drabløs, regionkontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Ole Jørgen Hallingstad,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

---

#### **SAK 43/18 ORIENTERING OM NORSK REISELIVSFAGSKOLE**

Ulrikke Ytteborg orienterte om status og framdrift i forhold til Norsk Reiselivsfagskole, vedlagt presentasjon.

#### **SAK 44/18 HØYRING, FORSLAG TIL FELLES REGIONALT HANDLINGSPROGRAM 2019 – 2020 – «SMART SAMHANDLING I BUSKERUD» FOR REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPNING OG NÆRINGSUTVIKLING 2015 – 2020 OG REGIONAL PLAN FOR KUNNSKAPSSAMFUNNET 2016 – 2020**

#### **Uttale**

1. Regionrådet for Hallingdal vil følgje opp sine forpliktingar i forhold til:
  - a. Tema 3: Vertskapsattraktivitet, tiltak 8, 23, 31 og 36
  - b. Tema 4: Kompetanse, tiltak 6
  - c. Tema 7: Forsking, utvikling og innovasjon, tiltak 32
2. Regionrådet for Hallingdal oppfattar handlingsprogrammet som eit «levande» dokument, der det til ein viss grad er opp til partane å finne kvarandre og etablere føremålstenlege

partnerskap/samarbeidsalliansar, gjennom heile planperioden. Dette bør presiserast i handlingsprogrammet.

3. Regionrådet for Hallingdal ser det som naturleg at aktuelle tiltak som har relevans for andre kommunar/regionar enn dei som er omtala i planen, må kunne definerast inn, ref. pkt.2. For Hallingdal gjeld dette i denne omgang:
  - Tema 3: Vertskapsattraktivitet, tiltak 10, «*Flere bedrifter i Drammensregionen tar imot lærlinger (Lærebedrifter)*». Dette er type tiltak som har stor relevans for Hallingdal.  
Det same gjeld for tiltak 11 og traineemodellar.
  - Tema 4: Kompetanse, tiltak 22, «*Elevene blir kjent med et fremtidig arbeidsliv*». Her bør Yrkesmessa i Hallingdal kunne vera ein samarbeidspart.
  
4. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at prosjektet Livskvalitet Hallingdal (Det er folka som teller) kan leggjast inn som eit konkret tiltak. Prosjektet har som overordna mål å fremme god livskvalitet og helse for kommunane sine innbyggjarar og bidra til ein positiv nærmiljøutvikling, vekstskapning og omdømmebygging i kommune/region. Ved å ta i bruk livskvalitetsindikatorar som styringsverktøy (Hallingdal pilot i Norge), er formålet å auke livskvalitet langs dei dimensjonane som fell inn under kommunalt handlingsområde og der privat næringsliv og frivilligheit er naturlege samarbeidspartar. Prosjektet søker å operasjonalisere livskvalitet som kommunal verdiskapning og fremme nye metodar for organisering og samarbeid i kommunar og fylkeskommunar. Etter vår kjennskap er det ingen kommunar i Norge som har brukt livskvalitetsindikatorar som systematisk styringsverktøy eller innført livskvalitetsindikatorar som ein sentral del av sitt kunnskapsgrunnlag.

I etterkant av regionrådsmøte var det arbeidsmøte regionrådet/rådmannsutvalet med tema «Hallingdal fremover».

Hallingdal 23.10.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar